



Statsforvaltaren I Møre Og Romsdal
Oddhild Johnsen
Postboks 2520
6404 MOLDE

Dykkar ref.: 2022/15

Vår ref.: 22/370
saksbehandlar: Elisabeth Øien // Arbeids- og
tjenesteavdelingen

Vår dato: 24.03.2023

Tolking av sosialtjenesteloven og folketrygdloven - stønad til barnetilsyn for deltakere i kvalifiseringsprogram - KVP

Det blir vist til brev datert 07.12.2022 med spørsmål om deltakarar i kvalifiseringsprogrammet sine rettar etter tilleggsstønadsforskriften. De spør om det er slik at KVP-deltakarar med statleg tiltak som innhald i sitt kvalifiseringsprogram ikkje har rett til stønad til barnetilsyn etter tilleggsstønadsforskriften.

Førespurnaden blir svart på av Arbeids- og tenesteavdelinga som har ansvar for tolking av sosialtjenestelova. Ytelsesavdelinga har vært involvert i svaret.

I følgje arbeidsmarkedslova § 13, jf. tilleggsstønadsforskriften § 1 annet ledd, har deltakarar på arbeidsmarkedstiltak som mottek kvalifiseringsstønad berre rett til stønad til reise. Dersom deltakaren har nedsett arbeidsevne på grunn av sjukdom, skade eller lyte og fyller vilkåra i folketrygdloven § 11A-3, vil vedkomande ha rett til tilleggsstønader som nemnt i folketrygdloven § 11A-4, medrekna stønad til barnetilsyn. Deltakaren vil då være omfatta av målgruppa som nemnt i § 1 bokstav a i tilleggsstønadsforskriften. At ein er deltakar i kvalifiseringsprogrammet er ikkje det som er avgjerande i slike saker, men om arbeidsevna er nedsett som følgje av sjukdom, skade eller lyte.

Deltakarar som ikkje har nedsett arbeidsevne på grunn av sjukdom, skade eller lyte vil ikkje ha rett til stønad til barnetilsyn etter tilleggsstønadsforskriften. De påpeikar at deltakare som ikkje har rett til barnetilsyn må få dekkja slike utgifter etter sosialtjenestelova §§ 18 og 19, og spør om det er planar for å endre folketrygdlova/tilleggsstønadsforskriften til å også gjelde deltakarar i kvalifiseringsprogram. Det er per i dag ikkje spilt inn forslag til endring frå direktoratet.

NAV // ARBEIDS- OG VELFERDS DIREKTORATET // ARBEIDS- OG TJENESTEAVDELINGEN

Postadresse: Postboks 354 // 8601 MO I RANA

E-post: arbeids.og.velferdsdirektoratet@nav.no

www.nav.no //

Med helsing

Nina Strømmen
seksjonssjef
Kontor for kvalifisering og sosiale tjenester

Elisabeth Øien
seniorrådgiver
Kontor for kvalifisering og sosiale tjenester

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur

Kopi til

Statsforvalteren i Agder
Statsforvalteren i Innlandet
Statsforvalteren i Nordland
Statsforvalteren i Oslo og Viken
Statsforvalteren i Rogaland
Statsforvalteren i Troms og Finnmark
Statsforvalteren i Trøndelag
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark
Statsforvalteren i Vestland

Mottakerliste

Statsforvalteren i Møre Og Romsdal



ARBEIDS- OG VELFERDSETATEN
Postboks 354
8601 MO I RANA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Oddhild Johnsen, 71 25 84 53

Tolking av sosialtenestelova (og folketrygdlova) - stønad til barnetilsyn for KVP deltakarar

Vi ber om hjelp til å få vurdert KVP deltakarar sine rettar i «tilleggsstønadforskriften» sjølv om denne ikkje er knytt direkte til sosialtenestelova. Vi ber om at direktoratet samhandlar internt for å avklare problemstillinga.

Vi har fått denne problemstillinga frå eit NAV kontor:

Eg opplever at deltakarar i KVP som til dømes har arbeidspraksis eller andre statlege tiltak ikkje får stønad til barnetilsyn som tilleggsstønad - og grunngjevinga dei får er at dei har KVP. Dei får stønad til køyring til og frå tiltak, men ikkje barnetilsyn. Både barnehage og SFO vert gjerne ein stor kostnad for desse som ofte har levd under lågintekt i fleire år. Eg forstår ikkje grunngjevinga for avslag, at KVP kan være grunn til å avslå. Dersom det er grunnlag for avslag synest eg det er veldig bakvendt, dette er ei gruppe som verkeleg kunne trenge slik stønad

Avslaget ble grunngjeve slik:

Begrunnelse Du er KVP-mottaker og har ikke rett til stønad til tilsyn av barn i henhold til tilleggsstønadforskriften § 1 og arbeidsmarkedsloven § 13.

Det aktuelle NAV kontoret skriv vidare:

I § 1 i tilleggsstønadforskrifta vert det synt til at ein må fylle vilkår i folketrygdloven §§ 11a-3, 11a-4 om årsakssamanheng til nedsatt arbeidsevne og sjukdom og at det i vesentleg grad må gjelde sjukdom (men ikkje meir enn 50% som AAP). Me har KVP deltakarar som får KVP fordi dei har bruka opp AAP retten - skal dei gå frå innvilgelse til avslag fordi dei går frå AAP til KVP? Dei fleste eg har hatt på KVP har sjukdom som ein vesentleg del av biletet

Vi har tidlegare forstått det slik at KVP deltakarar som er i statlege tiltak som del av innhald i program har hatt rett til både stønad til barnetilsyn og reiseutgifter, dette underbyggast av rundskrivet til sosialtenestelova

4.35.1 Om bestemmelsen



(..) En deltaker kan motta bostøtte, barnebidrag, barnetrygd og kontantstøtte uavkortet i tillegg til kvalifiseringsstøtten. Det samme gjelder engangsstønad ved fødsel og støtte til ekstrautgifter ved deltakelse i tiltak, som dekning av reiseutgifter og stønad til barnetilsyn. (..)

- Er det slik at KVP deltakere med statleg tiltak som innhald i sitt kvalifiseringsprogram ikkje har rett til stønad til barnetilsyn? Eller har Folketrygdlova §§ 11 a-3 og 11a-4 blitt tolka for snevert av dei som tek slike avgjersler? Eit av inngangsvilkår til å ha rett til KVP er jo nedsett arbeids- og inntektsevne etter NAV lova § 14 a
- Om svaret er at ein ikkje har rett til stønad til barnetilsyn **fordi ein er KVP deltakere** vil dette opplevast som ulogisk og urettferdig. For NAV betyr det at dei må fatte tilleggsvedtak etter sosialtenestelova etter §§ 18 og 19 for å dekke dette. Kan direktoratet i så fall påverke dette slik at dette kan rettast opp og forenklast?

Med helsing

Anne Mette Nerbøberg (e.f.)
fagleiar

Oddhild Johnsen
sosialfagleg seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK	Postboks 2076	3103	TØNSBERG
STATSFORVALTEREN I OSLO OG VIKEN	Postboks 325	1502	MOSS
STATSFORVALTEREN I TROMS OG FINNMARK	Postboks 700	9815	VADSØ
STATSFORVALTAREN I ROGALAND	Postboks 59 Sentrum	4001	STAVANGER
STATSFORVALTEREN I NORDLAND	Postboks 1405	8002	BODØ
STATSFORVALTEREN I TRØNDELAG	Postboks 2600	7734	STEINKJER
STATSFORVALTEREN I AGDER	Postboks 504	4804	ARENDAL
STATSFORVALTEREN I INNLANDET	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER